

# - Bønder på Jæren er noko for seg sjølve

Svinebøndene på Jæren har ei anna haldning til dyrevelferd og Mattilsynet enn bønder andre stader, ifølgje undersøking. Mentaliteten på Jæren er annleis enn elles i landet, seier forskar.

**BV** Bothild Å. Nordstletten

Svinebøndene på Jæren set omsyn til lønsmått framfor dyrevelferdskrav oftare enn bønder andre stader. Dei nedprioriterer oftare dyrevelferd for andre oppgaver og legg mindre vekt på dyra sitt behov for aktivitet, plass og leik. Dei bryt oftare regelverket for god dyrevelferd, og har mindre tillit til Mattilsynet enn yrkesfellar andre stader. I tillegg har jærboendene meir imot at forbrukarane stiller strengare dyrevelferdskrav, enn bønder andre stader.

Dette er nokre av funna som kjem fram i Aniwell, eit NIBIO-leia prosjekt som ser på kortleis ein kan sikre god dyrevelferd i møte mellom bonde og forvaltning i primærnæringsnæringane. Prosjektet baserer seg på spørjeundersøkingar og intervju der 1546 bønder med husdyrproduksjon frå heile landet har tatt stilling til påstandar om dyrevelferd og Mattilsynet. Til dømes:



Oddveig Storstad

**Påstand:**  
Ein seriøs næringsutøvar bør driva lovlidig også når vedkomande er usamd i reglane.

**Svaralternativ (prosent av spurt gruppe) Heilt samd:**  
Jæren - 48,3. Resten av landet 70,9.  
**Delvis samd:**  
Jæren 41,7. Resten av landet: 25,9

Prosjektet er ikkje ferdig før i 2020, men grunna interesse frå næringa vel forskarane å presentere resultatane alt no.

## Vart nyfrikne

Det var aldri meininga at prosjektet skulle sjå spesifikt på Jæren, men slakterigriskampanjen, samt det omtalte mistilitsforholdet mellom bønder i Rogaland og Mattilsynet, gjorde forskarane ny-

fikne. Då datainnsamlinga var komplett i fjor haust, inkludert intervju med nær 60 lokale svineøktarar, stod det klart at Jæren skilte seg ut. Oddveig Storstad, førsteamanuensis ved NTNU og forskar ved NIBIO, utdjupar:

- Me ser at mentaliteten på Jæren er ein litt annan enn elles i landet. At bøndene på Jæren er noko for seg sjølve. Volum, stordrift og økonomi er kanskje ein større del av identiteten til jærskke bønder enn andre stader. Omsynet til økonomi er gjennomgåande viktigare for bønder her enn i resten av landet, og dette får oftare forrang framfor andre omsyn.

Storstad seier at dei finn att svinebøndene sine haldningar også hjå andre husdyrproducentar på Jæren.

- *Ingenting gale med å vera stor og tenka lønsemd?*


- Nei, og det treng heller ikkje stå i motsetnad til god dyrevelferd. Men ein må ikkje driva på akkord med andre forhold og krav storsamfunnet set.

## Felles kultur


Brennpunkt-filmen i førre veke avdekkjer problematiske haldningar blant svinebønder andre stader enn berre på Jæren. Aniwell-prosjektet har funne husdyrproducentar rundt om i landet med same haldningar som på Jæren, men ingen stader klumpar dei seg så saman på same geografiske område som nett her, seier Storstad.

- Det er akkurat det som synest spesielt med Jæren: Her er det ein del av ein felles kultur og ikkje berre knytt til per-sontlege haldningar.

**Føler at presset på å redusere kostnader gjør at en må drive på en måte som går på bekostning av dyrevelferden (p>.001)**



**Påstand: Vanlige folk uten peiling på husdyrhold legger seg for mye bort i hvordan dyrene på gården min har det**



**Stort og rasjonelt:** - Omsynet til økonomi er gjennomgåande viktigare for bønder på Jæren enn i resten av landet, og dette får oftare forrang framfor andre omsyn, seier forskar Oddveig Storstad. Foto: Sjur Håland

## Ser til Danmark

Storstad har møtt mange bønder som del av prosjektet, og understrekar at funna ikkje gjeld alle svinebønder i regionen. Ho seier at ho berre kan spekulera om kvifor jærboenden skil seg ut.

- Kulturen på Jæren er annleis enn andre stader, prega av strukturen i jordbruket lokalt - store bruk, ofte med mange produksjonar. I tillegg står landbruksnærings næringsregionen, medan stader ofte er meir marginalisert andre stader. Bøndene her ser også gjerne til stordrifta i Danmark. Det høyrer me ikkje så mykje om andre stader i landet.

Ho trur desse forholda kan prega haldningar til dyrevelferd.

- Ja, det trur eg, men dette er komplekse samanhangar og ingen bønder på Jæren meiner dei har dårleg dyrevelferd. Det er berre det at omsynet til økonomien og alt dei skal gjera på garden innimellom, og for nokre, oftare blir viktigare for husdyrproducentane på Jæren enn andre stader i landet. Når det ligg i kulturen, er aksepten for dette høgare her enn andre stader.

## Veit best sjølve

- *Kva tankar gjer du deg om kvifor forholdet mellom produsentar og Mattilsynet har blitt så dårleg nett på Jæren?*

- Det seier ikkje analysane våre noko om, men resultatane våre må i alle fall ikkje forståast som at heile «skulda» ligg hjå produsentane. Kommunikasjon går både vegar og Mattilsynet bør med fordel gå ein runde med seg sjølv dei òg.

sjølve. Men hugs at det på inga måte betyr at alle, ikkje ein gong dei fleste, bryt reglane eller er lemfeldige med dyrevelferden. Men gruppa som gjer det er større her enn andre stader.

- *Kvifor er funna dykkar viktige?*  
- For å forstå kvifor det har kræsja oftare mellom Mattilsynet og produsentar på Jæren. Eg håpar dei kan brukast konstruktivt.

## Treng haldningsending

Ifølgje Animalia aukar avstanden mellom haldningar til dyrevelferd hjå bønder og forbrukarar. Landbruksregionen Jæren gjer seg sårbar dersom ikkje haldningane blir gjort noko med, meiner Storstad.

- Sett på spissen tek Jæren ein risiko på vegne av heile norsk landbruk. Det som skjer i Rogaland blir nytta som døme på at det står dårleg til med dyrevelferden i næringa generelt. Norsk landbruk er eit samleomgrep for forbrukarane. Det som skjer i Rogaland tyder noko for tilliten til norsk landbruk generelt. Den tilliten er landbruket heilt avhengig av for at forbrukaren skal ønskje å kjøpe norsk mat og støtte opp om overføringar til næringa og importnetet.

## «Sett på spissen tek Jæren ein risiko på vegne av heile norsk landbruk»

- *I kva grad kan den svekka tilliten til Mattilsynet forklara haldningane til reglar, tilsyn og dyrevelferd på Jæren?*

- Bønder på Jæren ynskjer eit Mattilsyn og lovar og reglar, men aksepten for å bryte reglar som enten er upraktiske eller er for kostbare å overhalde er høgare her. Ein veit i større grad best